



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	28.04.2016
Tid:	16:30 – 21:45

Medlemmer som møtte:

Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Olaug Andreassen	Medlem	AP
Runar Stave	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Leiv Aarflot	Medlem	AP
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Linn-Therese Hansen Sævik	Medlem	KRF
Edel Kvalsund Goksøy	Medlem	KRF
Arnulf Goksøy	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Idar Kjell Tarberg	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Janne-Katrin Hansen Sævik	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Hilde Marie Brungot	Medlem	H
Stian Sævik Elveseter	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK
Kjell Runde	Medlem	FOLK
Frank Roy Moltu	Medlem	FOLK

Forfall:

Rakel Anett Gjelseth	MEDL	AP
Henry Jøsokbakke	MEDL	V
Stig Arne Helsem Sævik	MEDL	H
Bjørn Otterlei	MEDL	H
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Kaja Runde	MEDL	FOLK

Varamedlemer som møte:

Jarle Digernes	Rakel Anett Gjelseth	AP
Karl Petter Sortehaug	Henry Jøsokbakke	V
Jan Arve Drabløs	Bjørn Otterlei	H
Knut Tandberg	Stig Arne Helsem Sævik	H
Knut Johan Voldsund	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Tor Inge Sporstøl	Dag Kåre Nærø	FRP
Per Ola Kleppe	Kaja Runde	FOLK

Andre:

Konst.rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Hilde B. Skinnes
Dagleg leiar i Vest Kontroll Jostein Støylen
Leiar av kontrollutvalet Gerhard Furø
Planleggar Berit Sandvik Skeide

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg
Leiar for skuleavdelinga Sølvi L. Remøy

Møtet vart annonsert i Vestlandsnytt og møteinnkalling vart sendt til medlemene og dei fremste medlemene i kvar gruppe.

Det møtte 26 faste og 7 vara, fulltallig.

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart desse valde:
Olaug Andreassen og Frank Roy Moltu

Dagleg leiar ved Vest Kontroll Jostein Støylen og leiar for kontrollutvalet Gerhard Furø orienterte om kontrollutvalet.

Ingen hadde merknad til at K-sak 64/16 vart behandla først i møtet.

Ingen hadde merknad til at K-sak 58/16 og 59/16 vart flytta fram på saklista.

AP, Svein Gjelseth hadde spørsmål til R-sak 16/16 – Orientering om rammeavtale grunnentreprenørtenester. Ordførar Arnulf Goksøyr svarte på spørsmål.

Karl Petter Sortehaug og Stian Elveseter fekk permisjon kl 19 og gjekk frå møte før handsaming av K-sak 59/16.

Marte Vågsholm Sævik fekk permisjon kl 19:40 og gjekk frå møte før handsaming av K-sak 55/16.

Grunngjeve spørsmål frå Kjell Runde – Manglande fastlegar i Herøy kommune
Ordførar Arnulf Goksøyr svarte.

Skriv delt ut i møte:

KN-sak 20/16 – Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015 – statusrapportering.

K-sak 67/16 Tilråding frå valnemnda – Val av varamedlem i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019.

K-sak 69/16 Tilråding frå valnemnda – Val av politiske representantar til Fosnavåg Konserthus AS

Kommunestyret bestiller blomster og helsing til ny rådmann i Hareid kommune, Ragnhild Velsvik Berge.

Orienteringar:

Kontrollutvalssekretær Jostein Støylen og leiar for kontrollutvalet Gerhard Furø orienterte om kontrollutvalet.

Olaug Andreassen

Arnulf Goksøy
underskrifter

Frank Roy Moltu

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 51/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 52/16	Protokoll frå førre møte.
PS 53/16	Delegerte saker
PS 54/16	Referatsaker
PS 55/16	Intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven.
PS 56/16	Oppretting av Bemanningsteam i pleie- og omsorg, med prøveprosjekt på Myrvåg omsorgssenter
PS 57/16	Økonomisk avslutning - 51152 - Veg over Kleppeåsen
PS 58/16	Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad - slutthandsaming
PS 59/16	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV 10 Moltustranda
PS 60/16	Avvikling av Dragsundbygg IKS - overtaking av selskapet
PS 61/16	Tilstandsrapport for grunnskulen 2015
PS 62/16	Leigesatsar Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016
PS 63/16	Fosnavåg kino - auke stillingsheimel
PS 64/16	Årsmelding for kontrollutvalet 2015
PS 65/16	Plan for reduksjon i driftsutgifter/nedbemanning.
PS 66/16	Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015 - Statusrapportering
PS 67/16	Val av varamedlem i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019
PS 68/16	Fritak frå politiske verv - Bjørnar Torvholm Sævik
PS 69/16	Val av politiske representantar til Fosnavåg Konserthus AS

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 85/16 Gnr 5 m.fl - Frådeling av tomter til utbyggingsformål
- DS 86/16 Gnr 76 Bnr 38 - Frådeling av eksisternade nausttomt
- DS 87/16 Marine Harvest Eggesbønes AS 38/285- Løyve til riving av tilbygg og etablering av parkeringsplass
- DS 88/16 Jostein Nærø - 24/88 - fasadeendring
- DS 89/16 Gudjon Ørn Emilson - 37/387 - garasjebygg
- DS 90/16 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Mellombels bruksløyve
- DS 91/16 Jan Helge Langberg - 81/24 - Garasje
- DS 92/16 Ferdigattest rehabilitering skorstein - 37/146
- DS 93/16 Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Ferdigattest
- DS 94/16 Jan Petter Osnes - 31/86 - Garasje
- DS 95/16 Storneset grannelag 56/29 - Løyve til oppføring av gapahuk
- DS 96/16 Redningsselskapet - 34/1 - Flytebrygge
- DS 97/16 Martin Bøe - 16/134 - Garasje
- DS 98/16 Per Ola Kleppe - 83/1 - Ombygging/fasadeendring
- DS 99/16 Ferdigattest 31/112
- DS 100/16 Sigmund Aksnes - 56/61 og 106 - Garasjebygg
- DS 101/16 Ferdigattest naust i rekke 54/71
- DS 102/16 Elisabeth Gigernes - 27/79 - tilbygg
- DS 103/16 Herøy kommune 83/18,19 Rammeløyve for oppføring av tilbygg og igangsetjing av grunn- og rivingsarbeid
- DS 104/16 Geir Kleppe - 86/2 - Redskapsbod
- DS 105/16 Herøy kommune 34/84 - Løyve til oppføring av støttemur
- DS 106/16 Ferdigattest - 31/188 - heile prosjektet
- DS 107/16 Herøy kommune 83/18,19 - Igangsetjingsløyve for oppføring av tilbygg til Leikanger skule

- DS 108/16 Westplast AS 25/47 - Igangsetjingsløyve
for utlegging av betongflåte
- DS 109/16 Ferdigattest - tilbygg 50/13
- DS 110/16 Lidvar Husøy - 46/82 - Støttemur og
terrasse
- DS 111/16 Vidar Knotten - 35/159 - Tilbygg
- DS 112/16 Terje Hungnes - 16/84 - Naust, kai og
flytebrygge
- DS 113/16 Skotholmen as - 11/162 - Riving av bygg

Referatsaker

- RS 11/16 Særutskrift AMU-sak 4/16 - Årsrapport AMU 2015
- RS 12/16 Særutskrift AMU-sak 5/16 - Sjukefråvær 3. tertial og heile 2015
- RS 13/16 Orientering om vedtak i Samferdselsutvalet 03.02.2016
- RS 14/16 Særutskrift - K-sak 48/16. Endring av valdag for folkerøysting om kommunereform
- RS 15/16 Møteprotokoll 29.02.16
- RS 16/16 Orientering om rammeavtale grunnentreprenørtenester
- RS 17/16 Utskrift frå møteboka sak 05/16
- RS 18/16 Spørsmål i kommunestyret - Sal av kommunale eigedomar

PS 51/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 52/16 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 53/16 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 54/16 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 55/16 INTENSJONSAVTALE MELLOM HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN OG VANYLVEN.

Møtebehandling:

Ordførar Arnulf Goksøyr orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Kommunestyret vedtek å legge intensjonsavtalen datert 30.03.2016 fram for folkerøysting 19.mai.

PS 56/16 OPPRETNING AV BEMANNINGSTEAM I PLEIE- OG OMSORG, MED PRØVEPROSJEKT PÅ MYRVÅG OMSORGSSENTER

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

1. Det vert oppretta 2.0 stillingsheimlar i bemanningsteamet ved Myrvåg omsorgssenter. Prosjektet har ein prøveperiode på 6 månader, med muligheit for vidareføring av tiltaket i permanent drift. Tilsetting skjer etter gjeldande lov og avtaleverk. Prosentvis fordeling mellom fagheimlar vil til ei kvar tid variere med tilgjengelig kompetanse.
2. Stillingane vert finansierte med inntekter frå refusjon sjukeløn

PS 57/16 ØKONOMISK AVSLUTNING - 51152 - VEG OVER KLEPPEÅSEN

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 1.389.195 (eks. mva)
2. Meirforbruket på 389.195 (eks. mva) vert finansiert ved låneopptak

PS 58/16 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert **30.3.2016**.

PS 59/16 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Møtebehandling:

Frank Roy Moltu reiste habilitetsspørsmål då broren er part i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Frank Roy Moltu vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. §6, 1. ledd, bokstav b.

Varamedlem Rolf Arne Nilsen møtte for Frank Roy Moltu.

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

FOLK/SP, Bjarne Kvalsvik kom med slikt framlegg:

«Herøy kommunestyre, ser at reguleringsplan for gang og sykkelveg langs delar av FV 10 Moltustranda, påfører nokre av grunneigarane uheldige løysingar. Herøy kommunestyre er opptekne av å finne best mogleg løysing for dei råka grunneigarane.

1. Herøy kommunestyre, finn det ikkje rett å veta planen slik den ligg føre, i K-sak 5/16.
2. Herøy kommunestyre, sender planen tilbake til administrasjonen, med oppmoding om å sjå på planen på nytt. Ein bør freiste å finne betre løysingar i dialog med grunneigarane der dette er mogleg.
3. Klagen til dei 5 grunneigarane vert såleis delvis i møtekomen, for å finne løysingar som kan om mogleg være mindre kompleksfylte.
4. Planen vert på nytt framlagd for Herøy kommunestyre for endeleg handsaming, etter at ein har freista å få til betre løysingar med dei impliserte grunneigarane»

AP, Per Kristian Furø kom med slikt framlegg:

Stryk setninga: « Klagene vert difor ikkje tatt til følgje etc» og erstattast med:
«Kommunestyret vedtek imidlertid å gå ei ny runde med grunneigarane i området for å prøve å finne alternative løysingar for å kome klagarane i møte»

Det vart halde gruppemøte.

AP, Per Kristian Furø trekte sitt framlegg.

Formannskapet sitt framlegg vart vedteken mot 4 røyster som røysta for Folkelista/SP sitt framlegg.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Rolf Moltu, Bjørnar Tarberg, Olga Maspanova, Sjøsidan Eiendomsselskap AS og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda vart vedteke endra i møte 28.01.2016. Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/16.

Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 60/16 AVVIKLING AV DRAGSUNDBYGG IKS - OVERTAKING AV SELSKAPET

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

1. Herøy kommune tek over passiva og aktiva i Dragsundbygg IKS og løyser ut dei andre eigarane slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kjøpesummen (totalt kr 5.040.958,-) vert finansiert ved overtaking/bruk av lån (om lag 2,8 mill kr), Herøy kommune sin opptente EK i selskapet (om lag 1,5 mill kr), samt bruk av fondsmidlar (om lag 0,7 mill kr).

PS 61/16 TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN 2015

Møtebehandling:

Leiar for skuleavdelinga Sølvi Lillebø Remøy orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

PS 62/16 LEIGESATSAR HERØY KULTURHUS OG HERØYHALLEN 2016

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Leigesatsane for Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016 vert vedteke slik framlagt.

PS 63/16 FOSNAVÅG KINO - AUKE STILLINGSHEIMEL

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

1. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %.
2. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.

PS 64/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

PS 65/16 PLAN FOR REDUKSJON I DRIFTSUTGIFTER/NEDBEMANNING.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Kommunestyret sluttar seg til planen for reduksjon av driftsutgifter/nedbemanning slik han går fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret bed administrasjonen jobbe aktivt vidare for å nå målsettinga vedteke i budsjettet for 2016 om reduksjon driftsutgifter/nedbemanning.

PS 66/16 OVERSIKT HELSETILSTAND OG PÅVERKNADSFAKTORAR I HERØY 2015 - STATUSRAPPORTERING

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

1. Herøy kommunestyre tek Statusrapport: Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015 til vitande.
2. Hovudpunkta som er peika på i saksutgreiinga (vurderinga) og meir utdjupa i rapporten (kap.3), skal fylgjast opp av dei impliserte sektorane.

**PS 67/16 VAL AV VARAMEDLEM I RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT
FUNKSJONSEVNE 2015-2019**

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Som varamedlem for Trine Elisabeth Eiksund i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019 vert vald Johannes Kvalsvik.

PS 68/16 FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - BJØRNAR TORVHOLM SÆVIK

Samrøystes vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Bjørnar Torvholm Sævik får fritak frå politiske verv.

**PS 69/16 VAL AV POLITISKE REPRESENTANTAR TIL FOSNAVÅG KONSERTHUS
AS**

Møtebehandling:

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken:

Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016

Som representantar og styreleiar i Fosnavåg Konserthus for perioden 2016-2019 vert valde:

Medlemer:
Hilde Marie Brungot, leiar
Leiv Aarflot

Varamedlemer:
Knut Johan Voldsund
Janita Westbø Remøy

MØTET SLUTT!